

## Sakspapir

---

### Kommunereforma - val mellom Som no og Endring

#### Dokumentinformasjon:

Saksbehandler: Tore Hals Tlf: 70 16 20 00 E-post: postmottak@alesund.kommune.no	ArkivsakID: 16/423 JournalID: 16/36281
--	---

#### Behandling:

Saksnr	Utvalg	Dato
067/16	Formannskapet	21.06.2016
073/16	Bystyret	22.06.2016

#### 073/16 - Bystyret

##### Vedtak:

1. Ålesund kommune ser det ikkje som framtidsretta å halde fram med dagens kommunestruktur i vår region. Dagens administrative grenser fell i liten grad saman med dei funksjonelle områda for framtidsretta og samordna samfunnsutvikling sett i lys av bu- og arbeidsmarknadsregionen Ålesund er ein del av.
2. Ålesund kommune ønskjer å få etablert ein ny regionkommune som utgjer eit funksjonelt administrativt område med visjon og mål slik det er skissert i intensjonsavtalen av 18.03.16 mellom dei 10 kommunane Giske, Haram, Hareid, Sandøy, Skodje, Stordal, Sula, Sykkylven, Ørskog og Ålesund.
3. Ålesund kommune erkjenner at ikkje alle dei 10 kommunane som er nemnt i pkt. 2 ovanfor, vil delta i etableringa av den nye regionkommunen. Ålesund vil derfor som eit alternativ etablere ein ny kommune saman med kommunane Haram, Sandøy og Skodje. Grunnlaget for den nye kommunen er intensjonsavtalane av 18.03.16 og 15.06.16 Der det er konflikt mellom dei to avtalane, gjeld avtalen av 15.06.16.
4. Ønskjer fleire av dei kommunane som er nemnt i pkt. 2 ovanfor, i tida fram mot Stortinget gjer sitt vedtak våren 2017, å slutte seg til den nye kommunen nemnt i pkt. 3, stiller Ålesund seg positiv til dette.
5. Så snart fylkesmannen gir sin tilråding til Stortinget om ny kommunestruktur i Møre og Romsdal, vil Ålesund kommune invitere kommunane nemnt i pkt. 3 ovanfor, jf. pkt. 4, til å opprette ei fellesnemnd til å starte arbeidet med førebuingane fram mot etableringa av den nye kommunen.

#### Behandling:

**Alternativt forslag fremmet av Ålesundslista ved Hans Kjetil Knutsen**

Nytt punkt 2 som alternativ til Rådmannens forslag pkt 2 og 3:

Ålesund kommune ønsker å få etablert en ny kommune bestående av dagens Skodje og Ålesund kommuner. Og bystyret ber forhandlingsutvalget bidra til å framforhandle en ny toparts intensjonsavtale mellom disse kommunene, som formannskapet får bystyrets fullmakt til å godkjenne innen fristens utløp 30. juni.

Nytt punkt 3 som alternativ til Rådmannens forslag pkt. 4:

Ønsker flere kommuner, i tida fram mot Stortinget gjør sitt vedtak våren 2017, å slutte seg til den nye Ålesund kommune, stiller Ålesund bystyre seg positiv til forhandlinger.

Nytt punkt 3 som alternativ til Rådmannens forslag pkt 5:

Så snart Fylkesmannen gir sin tilråding til Stortinget om ny kommunestruktur i Møre og Romsdal, vil Ålesund kommune invitere Skodje kommune til å opprette ei felles nemnd for å starte arbeidet med forberedelsene fram mot etablering av den nye Ålesund kommune.

Kirsti Dale (uavhengig) ber om punktvis votering.

#### **Votering:**

Punktvis votering over formannskapets tilråding:

Punkt 1 vedtatt med 47 mot 2 stemmer.

Punkt 2 vedtatt med 43 mot 6 stemmer.

Punkt 3 vedtatt med 43 mot 6 stemmer.

Punkt 4 vedtatt med 43 mot 6 stemmer.

Punkt 5 vedtatt med 43 mot 6 stemmer.

Hans Kjetil Knutsen (Å) sitt alternative forslag falt med 43 mot 6 stemmer.

#### **067/16 - Formannskapet**

##### **Formannskapets tilråding:**

1. Ålesund kommune ser det ikkje som framtidretta å halde fram med dagens kommunestruktur i vår region. Dagens administrative grenser fell i liten grad saman med dei funksjonelle områda for framtidretta og samordna samfunnsutvikling sett i lys av bu- og arbeidsmarknadsregionen Ålesund er ein del av.
2. Ålesund kommune ønskjer å få etablert ein ny regionkommune som utgjer eit funksjonelt administrativt område med visjon og mål slik det er skissert i intensjonsavtalen av 18.03.16 mellom dei 10 kommunane Giske, Haram, Hareid, Sandøy, Skodje, Stordal, Sula, Sykkylven, Ørskog og Ålesund.
3. Ålesund kommune erkjenner at ikkje alle dei 10 kommunane som er nemnt i pkt. 2

ovanfor, vil delta i etableringa av den nye regionkommunen. Ålesund vil derfor som eit alternativ etablere ein ny kommune saman med kommunane Haram, Sandøy og Skodje. Grunnlaget for den nye kommunen er intensjonsavtalane av 18.03.16 og 15.06.16. Der det er konflikt mellom dei to avtalane, gjeld avtalen av 15.06.16.

4. Ønskjer fleire av dei kommunane som er nemnt i pkt. 2 ovanfor, i tida fram mot Stortinget gjer sitt vedtak våren 2017, å slutte seg til den nye kommunen nemnt i pkt. 3, stiller Ålesund seg positiv til dette.
5. Så snart fylkesmannen gir sin tilråding til Stortinget om ny kommunestruktur i Møre og Romsdal, vil Ålesund kommune invitere kommunane nemnt i pkt. 3 ovanfor, jf. pkt. 4, til å opprette ei fellesnemnd til å starte arbeidet med førebuingane fram mot etableringa av den nye kommunen.

### **Behandling:**

**Endringsforslag fremmet av Å ved Hans Kjetil Knutsen**

Alternativt forslag til Rådmannens forslag pkt. 2, 3, 4 og 5:

Ålesund kommune ønsker å etablere ny kommune sammen med Skodje kommune, og vil høsten 2016 invitere Skodje kommune til i fellesskap å være med på opprettelsen av ei felles nemnd for å starte med forberedelsene fram mot etablering av den nye Ålesund kommune.

Hans Kjetil Knutsen (Å) ber om punktvis votering av rådmannens innstilling.

### **Votering:**

Punktvis votering av rådmannens innstilling:

Punkt 1 vedtatt med 12 mot 1 stemme.

Punkt 2 vedtatt med 10 mot 2 stemmer.

Punkt 3 vedtatt med 10 mot 2 stemmer.

Punkt 4 vedtatt med 1 mot 2 stemmer.

Punkt 5 vedtatt med 11 mot 2 stemmer.

Hans Kjetil Knutsen (Å) sitt alternative forslag til erstatning av rådmannens forslag til punkt 2, 3, 4 og 5 falt med 11 mot 2 stemmer.

### **Rådmannens innstilling:**

1. Ålesund kommune ser det ikkje som framtidsretta å halde fram med dagens kommunestruktur i vår region. Dagens administrative grenser fell i liten grad saman med dei funksjonelle områda for framtidsretta og samordna samfunnsutvikling sett i lys av bu- og arbeidsmarknadsregionen Ålesund er ein del av.
2. Ålesund kommune ønskjer å få etablert ein ny regionkommune som utgjer eit funksjonelt administrativt område med visjon og mål slik det er skissert i

intensjonsavtalen av 18.03.16 mellom dei 10 kommunane Giske, Haram, Hareid, Sandøy, Skodje, Stordal, Sula, Sykkylven, Ørskog og Ålesund.

3. Ålesund kommune erkjenner at ikkje alle dei 10 kommunane som er nemnt i pkt. 2 ovanfor, vil delta i etableringa av den nye regionkommunen. Ålesund vil derfor som eit alternativ etablere ein ny kommune saman med kommunane Haram, Sandøy og Skodje. Grunnlaget for den nye kommunen er intensjonsavtalane av 18.03.16 og 15.06.16. Der det er konflikt mellom dei to avtalane, gjeld avtalen av 15.06.16.
4. Ønskjer fleire av dei kommunane som er nemnt i pkt. 2 ovanfor, i tida fram mot Stortinget gjer sitt vedtak våren 2017, å slutte seg til den nye kommunen nemnt i pkt. 3, stiller Ålesund seg positiv til dette.
5. Så snart fylkesmannen gir sin tilråding til Stortinget om ny kommunestruktur i Møre og Romsdal, vil Ålesund kommune invitere kommunane nemnt i pkt. 3 ovanfor, jf. pkt. 4, til å opprette ei fellesnemnd til å starte arbeidet med førebuingane fram mot etableringa av den nye kommunen.

---

#### **Kvifor denne saka:**

Bystyret fekk i april 2016 orientering om arbeidet med kommunereforma og intensjonsavtalen forhandlingsnemndene i Ålesund og ni andre kommunar har blitt samde om. Bystyret må no ta endeleg stilling til om det vil at Ålesund kommune skal halde fram som eigen kommune eller bli med på ei endring for å etablere ein ny kommune i regionen. Fristen for å ta dette valet har Regjeringa sett til 1. juli 2016.

#### **Bakgrunnsinformasjon:**

##### ***Oppdrag frå Stortinget***

Det var Stortinget som under behandlinga av kommuneproposisjonen i 2014 bad Regjeringa om å sette i gang arbeidet med endring av kommunekartet. Regjeringa har følgd opp dette med utarbeiding av kriterier for god kommunestruktur og pålagt kommunane å utgreie om dei kan oppfylle kriteria åleine eller finn det rettast å gå saman med ein eller fleire andre kommunar for å klare morgondagens oppgåver. Kommunane er også bedne om å gjennomføre nabopratt og la innbyggjarane få gi uttrykk for sitt syn på saka.

##### ***Arbeid i Ålesund***

Ålesund innleia nabopratt i januar 2015 og har, i samarbeid med andre kommunar, lagt ned mesteparten av sitt arbeid i å lage utgreiingar om framtidig kommunestruktur i vår region. I denne samanheng har vi hatt nabopratt med 13 kommunar. Den eine, Vestnes, trekte seg frå vidare drøftinga etter første møtet. Nabopratten vart ført vidare med Giske, Haram, Hareid, Sandøy, Norddal, Skodje, Stordal, Stranda, Sula, Sykkylven, Ulsteinvik og Ørskog. Etter at dei 13 kommunane la fram utgreiinga om Regionkommune Sunnmøre i august 2015, trekte Norddal, Stranda og Ulstein seg frå vidare drøftingar om ein intensjonsavtale. Nabopratten med Giske, Haram, Hareid, Sandøy, Skodje, Stordal, Sula, Sykkylven og Ørskog enda i mars 2016 med ein intensjonsavtale om regionkommunen Ålesund.

Alle desse 10 kommunane har lagt spørsmål om ei kommunereform og nemnte intensjonsavtale fram for innbyggjarane til høyring. For nokre kommunar var det og snakk om fleire intensjonsavtalar. Dei fleste kommunane gjennomførte rådgjevande folkerøysting. Eit par av desse har i tillegg gjennomført innbyggjarhøyring. Tre gjennomførte berre

innbyggjarhøyring (opinionsundersøking). Mellom desse var Ålesund.

Bystyret uttrykte i september 2015 at det ikkje er framtidsretta for Ålesund å halde fram som eigen kommune ut frå dei kriteria som er lagt til grunn for ein god kommunestruktur. Det nye bystyret slutta seg til dette i oktober 2015. Dette er i samsvar med folkemeininga i kommunen. Innbyggjarundersøkingane som Sunnmøre regionråd gjennomførte i 2014 og 2015 viser at eit fleirtal var heilt eller noko einig i behovet for ei reform (58 og 63 %). 1 av 3 meinte at vi bør ha det som i dag.

Opinionsundersøkinga i Ålesund våren 2016 viser at det er signifikant fleire som har stor enn liten interesse for kommunereforma og at det er signifikant fleire som svarar lite enn mykje på spørsmålet om dei trur ei endring i kommunestrukturen vil påverke kvardagen.

Eit fleirtal er positiv til at dei 10 kommunane ønskjer å samle seg til ein ny kommune (57 % er svært eller ganske positiv, 22 % verken positiv eller negativ, og 21 % ganske negativ eller svært negativ).

Dersom ikkje alle dei 10 kommunane blir med, trekkjer nær 2 av 3 innbyggjarar fram Sula (64 %) og Giske (62 %) som viktigast å få med i ein ny regionkommune. Deretter kjem Skodje (47 %), Haram (27 %) og Ørskog (21 %).

15 % av dei spurte seier at dei veit ingen ting om avtalen medan 4 % har lest heile avtalen. 54 % har lest litt om eller i avtalen. På spørsmålet «Ut frå den kunnskap du no har om intensjonsavtalen, synes du samla sett at dette er ein god avtale?», svara 67 % ja, 17 % nei og 16 % veit ikkje.

Dersom bystyret i juni vedtar å gå saman med nabokommunar om å skape ein ny regionkommune Ålesund, vil det vere i samsvar med synet til fleirtalet av innbyggjarane.

### ***Andre kommunar***

Resultatet frå folkerøystingane og innbyggjarhøyringane var klare 19. mai, med unntak av innbyggjarhøyringa Sykkylven som vart kunngjort 6. juni. Desse høyringane viser liten oppslutnad om ein regionkommune som omfattar dei ti kommunane. Tre av desse kommunane, Sandøy, Skodje og Ørskog, har ikkje det å halde fram åleine som eit alternativ. Sandøy og Skodje er primært interessert i regionkommune-alternativet medan Ørskog fekk eit fleirtal i folkerøystinga for landkommune-alternativet (Skodje, Norddal, Stordal og Ørskog).

### ***Nye samtalar***

Forhandlingsnemnda i Ålesund inviterte Skodje og Ørskog til samtale for å avklare om det kan vere grunnlag for å etablere regionkommunen Ålesund berre med desse tre kommunane. Møtet vart halde 18. mai. Det var semje å samlast på nytt 26. mai etter at resultatet frå folkerøystingane og innbyggjarundersøkingane var klare. I møtet vart Sunnmøre regionråd oppmoda om å invitere dei 10 intensjonsavtale-kommunane til eit felles møte for å avklare haldninga til regionkommune-alternativet no når folkemeininga er kjent.

Sandøy kommunestyre vedtok i møte 26. mai å gi forhandlingsutvalet fullmakt til å gjere sonderingar med Ålesund for å sjekke ut om og på kva vilkår dette kan vere eit alternativ.

Regionrådet inviterte alle kommunane som hadde inngått intensjonsavtale om regionkommunen Ålesund og om Storfjord kommune (landalternativet) til møte 2. juni i

Skodje. Alle kommunane møtte, med unntak av Hareid som ikkje hadde høve til å delta. Kvar kommune presenterte status for situasjonen per dato. Det kom fram at for Sandøy, Skodje og Ørskog er det å halde fram åleine ikkje eit reelt alternativ. I Haram er det interesse for endring der folkemeininga går i retning av samanslåing med Sandøy. Eit vilkår er å få realisert Nordøyvegen. Stordal og Sula vil mest truleg følgje folkemeininga som er ja til å halde fram som eigen kommune. Giske er open til ein regionkommune, men folkemeininga kan tyde på at dei framleis vil stå åleine.

Ørskog kommunestyre vedtok i møt 2. juni å opprette eit nytt forhandlingsutval som berre skal forhandle om landalternativet.

Haram formannskap vedtok i møte 14. juni å delta i forhandlingar saman med Sandøy, Skodje og Ålesund.

Kommunane Haram, Sandøy, Skodje og Ålesund har etter dette drøfta seg fram til konkretiseringar av intensjonsavtalen ut frå at regionkommunen kan omfatte berre desse fire kommunane. Den nye avtalen byggjer på intensjonsavtalen av 18.03.16, sjå vedlegg 3 til denne saka. Tekst med strek over viser kva som står i avtalen mellom dei 10 kommunane og som ikkje er med i den nye. Raud tekst viser tillegg og presiseringar til avtalen frå mars. Der det er konflikt mellom dei to avtalane, gjeld avtalen av 15.06.16.

### ***Vidare behandling***

Kommunestyra i dei ni kommunane som har skrive intensjonsavtale saman med Ålesund, skal behandle saka om ny kommunestruktur til litt ulike tidspunkt i juni:

Stordal	15. juni
Giske	16. juni
Ørskog	16. juni
Sykkylven	20. juni
Haram	22. juni
Hareid	22. juni
Sula	22. juni
Ålesund	22. juni
Sandøy	27. juni
Skodje	29. juni

I skrivande stund er derfor utfallet av denne behandlinga ukjent. Vi veit såleis ikkje no kor mange som, med utgangspunkt i intensjonsavtalen (avtalane), vil vedta å gå saman med ein eller fleire av dei 10 kommunane avtalen omfattar. Vi veit heller ikkje om Haram, Sandøy og Skodje vel regionkommune-alternativet med bakgrunn i avtalen av 15.06.16. Ålesund bystyre må derfor gjere sitt vedtak utan full kunnskap om dette.

### **Vurdering:**

Kommuneproposisjonen for 2017 inneheld eit eige kapittel om kommunereforma. Her peikar Regjeringa på nytt på kva som er bakgrunnen for reforma og skriv mellom anna dette:

Regjeringa vil bygge samfunnet nedenfra, og gi mer makt til innbyggere og lokalsamfunn slik at de får større innflytelse over egen samfunnsutvikling. Vi står overfor utviklingstrekk og utfordringer som peker i retning av og forsterker behovet for at kommunene må bli større for å ivareta sine oppgaver i framtiden. Svekkede økonomiske rammebetingelser, den demografiske utviklingen med en høyere andel eldre, en sterk vekst i kommunenes oppgaver og ansvar samt behovet for en mer samordnet

planlegging, legger press på kommunenes kapasitet og kompetanse. Færre og større kommuner vil bidra til å opprettholde og videreutvikle kommunenes muligheter til å gi gode tjenester til innbyggerne og en god samfunnsutvikling.

Fylkesmannen har sendt kommunane ei oversikt over moment til sjekkliste i førebuingane fram til endeleg vedtak om ny kommunestruktur. Denne sjekklista er ei påminning om at kommunane må oppfylle nokre samfunnsmessige omsyn og kriterier for å fylle den rolla kommunen er tiltenkt i framtida. Rådmannen har derfor utarbeidd eit dokument som i innhald følgjer strengt dei momenta fylkesmannen trekkjer fram. På den måten kan vi best kvittere ut sjekklista. Dokumentet som blir kalla «Vurdering av kommunereforma: Ålesund kommune versus regionkommunen Ålesund», følgjer som vedlegg 1 til denne saka. Vurderingane byggjer på det som kom fram under utgreiinga av «Regionkommune Sunnmøre» (lagt fram av 13 kommunar i august 2015), SWAT-analysen kommunen gjorde som ein del av arbeidet fram mot utgreiinga, og intensjonsavtalen om regionkommunen Ålesund. Intensjonsavtalen følgjer som vedlegg 2.

Det er sett opp ti kriterier som viser kva som skal til for at kommunen på ein god måte skal kunne oppfylle sine fire rollar (tenesteytar, utøving av mynde, samfunnsutviklar, demokratisk arena) og løyse dei oppgåvene som er knytt til desse. Kriteria er:

1. Tilstreккеleg kapasitet
2. Relevant kompetanse
3. Tilstreккеleg distanse
4. Effektiv tenesteproduksjon
5. Økonomisk soliditet
6. Valfridom
7. Funksjonelle områder for samfunnsutvikling
8. Høg politisk deltaking
9. Lokal politisk styring
10. Lokal identitet

Kort merknad:

- Dei fire første, og nr. 6, kan Ålesund i dag stort sett oppfylle.
- Nr. 5 er det noko verre med, mykje på grunn av at kommunen har kome dårleg ut i kriteria lagt til grunn i det statlege inntektssystemet og at vi stort sett fell utanfor ulike verkemiddel fordi vi anten er for stor eller for liten i folketal. Ålesund har likevel hand om store verdier (kraftaksjar, bygnings- og eigedomsmasse) og lågare lånegjeld per innbyggjar enn fleire av nabokommunane.
- Nr. 7 kan ikkje kommunen oppfylle fordi vi utgjer berre ein liten del av ein større bu- og arbeidsmarknadsregion.
- Nr. 8 og 9: Det er høg politisk deltaking i dei folkevalde organa, men vi har ikkje sterk nok lokal politisk styring fordi mange oppgåver er lagt til selskap som er sjølvstendige juridiske einingar, eller bundne opp i enkeltstående interkommunale avtalar som ikkje kan endrast utan semje mellom alle partar. Dette svekker den lokale styringa, også fordi avtalane i liten grad blir sett i samanheng med tanke på samordning mellom ulike tenester.

Ved at fleire kommunar i bu- og arbeidsmarknadsregionen går saman til ein ny, vil den nye kommunen i enno sterkare grad enn Ålesund åleine klare å oppfylle dei ti kriteria, ikkje minst nr. 3 – 7. Det vil dessutan gi større høve for at staten vil gi kommunen auka lokal politisk styring gjennom redusert statleg styring og overføring av oppgåver frå stat og fylke til

kommunen. Mellom anna foreslår Regjeringa at ansvaret for kollektivtransport kan bli ført over til nye regionkommunar som dekkjer ein felles bu- og arbeidsmarknad. Kriteriet om høg politisk deltaking og lokal identitet rår kommunen sjølv fullt og heilt over sjølv, men det krev ei medveten haldning til at dette er viktig og ein vilje til å gjere noko for å få det til.

Rådmannen ser helst at ein ny regionkommune omfattar så mange som mogleg av dei kommunane som har utarbeidd intensjonsavtalen vist i vedlegg 2. Alle desse, med unntak av Hareid og Sandøy, omfattar same bu- og arbeidsmarknadsregion. Sjølv om vi ikkje skulle lukkast med å samle alle dei 10 kommunane, vil det vere eit viktig steg i rett lei at Ålesund går saman med Haram, Sandøy og Skodje om ein ny kommune.

Rådmannen viser elles til dei vurderingane som går fram av vedlegg 1.

### **Økonomiske konsekvensar:**

I kommuneproposisjonen for 2016 presenterte departementet rammene for kommunereforma. Dei økonomiske rammene består av to faktorar: ei omlegging av inntektssystemet, og overgangsordningar for dei kommunane som vel å slå seg saman.

Det nye inntektssystemet, som blir presentert i kommuneproposisjonen for 2017, inneber at kommunar i tettbygde strøk som vel å vere små, vil få mindre i såkalla basistilskott. Det blir innført fleire ordningar som stimulerer kommunane til samanslåing for å bli eit sterkare tyngdepunkt i sin region. Ein større del av inntektssystemet blir gitt per innbyggjar og mindre per kommune (rådhus). Det viktigaste grepet i det nye systemet er å sikre sterke kommunar for framtida, seier Regjeringa.

Ut frå det som kjem fram i kommuneproposisjonen vil Ålesund tape noko i som følgje av «nye kostnadsnøklar», men vil vinne noko i «gradert basistilskott» og «regionalpolitiske tilskott». Samla gir det eit årleg pluss på knapt 5 mill. For mange av nabokommunane gir det samla nedgang i dei statlege overføringane. Ved samanslåing kompenserer inndelingstilskotet for netto tap på gradert basistilskott og regionalpolitiske tilskott, men ikkje for endringar i kostnadsnøklane. Effekten er avhengig av kva kommunar som slår seg saman.

Fleire faktorar som gjeld økonomien i ein ny kommune, er framleis ikkje kjent. Dette er slikt som

- Utgiftsutjamning
- Inntektsutjamning
- Inntektsgarantiordning
- Veksttilskott
- Nytt tilskott til kommunar som blir tyngdepunkt i sin region

Desse faktorane blir neppe kjent før i statsbudsjettet hausten 2016.

Kommunar som slår seg saman vil få støtte til eingongskostnader og reformstøtte.

«Støtte til eingongskostnader» gjeld kostnader som kommunane får for å rigge til den nye kommunen. Tilskottet til slike kostnader er gradert etter talet på kommunar som går saman og kor mange innbyggjarar den nye kommunen får:

Kommunar	Innbyggjarar			
	0 - 19999	20000-49999	50000-99999	Over 100000
2	20 mill.	25 mill.	30 mill.	35 mill.
3	30 mill.	35 mill.	40 mill.	45 mill.



4	40 mill.	34 mill.	50 mill.	45 mill.
5	50 mill.	55 mill.	60 mill.	65 mill.

«Reformstøtte» er eit beløp som den nye kommunen får berre ein gong og som den kan bruke fritt frå det tidspunktet kommunen er operativ. Tilskottet er gradert etter talet på innbyggjarar i den nye kommunen:

Innbyggjarar

0 - 14999	5 mill.
15000 - 29999	20 mill.
30000 - 49999	25 mill.
Over 50000	30 mill.

Går vi saman med dei 9 kommunane som har skrive intensjonsavtalen, vil det utløyse 90 millionar i tilskott til eingongskostnader og reformstøtte. Går f eks berre Skodje og Ålesund saman til ein ny, gir det 60 mill. For kvar ny kommune som blir med, utløyser det nye 10 mill. Går fleire enn 5 kommunar saman, utløyser ikkje det ekstra kroner.

### **Juridiske konsekvensar:**

Prosessane rundt samanslåing av kommunar, deling av kommunar og grensejustering mellom kommunar er regulert av inndelingslova. Alt arbeid med endring av kommunestrukturen må gjennomførast i tråd med denne prosesslova.

### **Andre driftsmessige eller organisatoriske konsekvensar:**

Så snart det er avklart at to eller fleire kommunar blir slått saman, skal desse velje ei fellesnemnd som får i oppgåve å samordne og ta seg av førebuinga av arbeidet fram mot samanslåinga. Kommunane vel kvar sine medlemmer til fellesnemnda og må gjere eit likt vedtak om kva mandat og oppgåver nemnda skal ha.

Avgjerda om samanslåing blir tatt av Stortinget våren 2017. Det er først etter dette ei fellesnemnd formelt kan bli vald. Det er likevel ikkje til hinder for at kommunar som no i juni 2016 gjer vedtak om at dei ønskjer å slå seg saman, vel ei fellesnemnd som kan starte sitt arbeid allereie frå hausten 2016. Men ei slik nemnd kan ikkje få formelle fullmakter etter inndelingslova før etter at Stortinget har gjort sitt endelege vedtak.

Dersom Ålesund og ein eller fleire andre kommunar i juni gjer vedtak om å gå saman, vil det overraske stort om Stortinget ikkje vil godkjenne ein slik samanslåing. Det som kan vere meir usikkert, er om Stortinget meiner også andre kommunar bør bli med i den nye kommunen. I denne vurderinga vil nok innstillinga frå Fylkesmannen ha ein del å seie. Den innstillinga vil ligge føre 1. oktober 2016.

Gitt at det blir semje om samanslåing: Det er mykje arbeid som må gjerast fram til samanslåinga er ein realitet frå 01.01.2020. Derfor bør ei fellesnemnd kome på plass så tidleg som råd. Det bør også bli etablert ein prosjektorganisasjon til å leie arbeidet. Ei fellesnemnd kan bli vald så snart det ligg føre kommunale vedtak om samanslåing, men det kan vere greitt å vente til tilrådinga frå Fylkesmannen er klar. Ventar vi heilt til endeleg vedtak i Stortinget kan vi miste mykje dyrebar tid i planarbeidet i tida fram mot den nye kommunen skal bli operativ.

### **Konklusjon med grunngjeving:**

Bystyret har ved to høve sagt at det ikkje er framtidsretta å halde fram med noverande

kommunestruktur i vår region. Den vurderinga rådmannen har gjort, sjå vedlegg 1, støttar opp om dette. Det gjer også intensjonsavtalen om regionkommunen Ålesund.

Regionkommunen som omfattar dei ti kommunane som har signert intensjonsavtalen, utgjer ein naturleg bu- og arbeidsmarknad og dermed ei naturleg eining for ein ny kommune. Teikn kan tyde på at ikkje alle kommunane kjem til å slutte seg til intensjonen om å gå saman til ein ny regionkommune. I intensjonsavtalen står det at den skal stå seg sjølv om ikkje alle blir med etter vedtak i dei respektive kommunane. Blir færre med kan det bli gjort nokre endringar. Avtalen nemner at dette kan gjelde talet på medlemmer i det nye kommunestyret. Det kan bli lågare enn det som står i avtalen. Med færre kommunar gir det også høve til å bli meir konkret på enkelte punkt i avtalen, jf. vedlegg 3.

Sjølv om det ideelle har vore at alle 10 kommunane blir med, vil vi vere på rett veg om færre vel å delta. Dei tilleggga til intensjonsavtalen som Sandøy, Skodje og Ålesund har drøfta seg fram til, viser at ein ny kommune som omfattar desse noverande kommunane, vil ha eit stort potensial for å styrkje ein viktig del av regionen.

Rådmannen rår til at bystyret gir uttrykk for den ideelle løysinga, at Ålesund i denne omgang går inn for å slå saman Haram, Sandøy, Skodje og Ålesund, og at vi bør vere opne for at andre kommunar som ønskjer å delta i den nye kommunen, kan slutte seg til. Dei kommunane som kjem til i ettertid, må derimot akseptere dei tilleggga til avtalen som dei tre kommunane har drøfta seg fram til. Dei kan ikkje vente å få same prioritet som desse fire har blitt samde om.

Astrid J. Eidsvik  
rådmann

#### **Utrykte dokumenter i saken:**

[Kriterier for god kommunestruktur](#)

[Nye oppgaver til større kommunar](#)

[Inndelingslova](#)

#### **Vedlegg:**

1. Viurdering av kommunereforma: Ålesund kommune versus regionkommunen Ålesund
2. Regionkommunen Alesund - signert intensjonsavtale
3. Intensjonsavtale om nye Ålesund kommune mellom Haran, Sandøy, Skodje og Ålesund

